

To diamantbrudlaup vart markerte i går, 1. august.

02.08.2019



Brureparet Margit og Bjørgulv Eik, 1. august 1959, fotografert på Syne på Rød.

**For 60 år sidan, 1. august 1959, var det to brudlaup i Uskedalen, eit i Bedehuset og eit i Helgheim. Brurepara var Hildur ( f. Haugland ) og Olav Fjose og Margit ( f. Nerhus ) og Bjørgullv Eik. Uskedal kyrkje var plassen for vigsel, kl. 14 og kl. 15. Nokre av gjestene var i begge brudlaupa og måtte gå imellom. Av desse var Sigrun og Trygve A. Haugland. I går vart begge desse hendingane markerte med inviterte gjester, i Sundal i Mauranger og i Stavanger.**

Olav Fjose frå Voss var misjonær i Norsk Luthersk Misjonssamband og saman med kona Hildur var dei på oppdrag i ulike land. Ei tid budde dei på Haugland i Uskedalen. Margit og Bjørgulv Eik har budd og drive gardsbruk på Eik. På brudlaupsdagen i går hadde brurepara kontakt på telefon.

Det var eit stort løft å feira store brudlaup for 60 år sidan. Til Margit og Bjørgulv var det invitert 150 gjester. Det var dekket til middag oppe i salen i Helgheim. Gjestene sat tett. Med smalare bord på bukkar og langbenker let dette seg gjera. Menyen var blomkålsuppe, oksesteik og sviskekompott. Stuten vart slakta på Eik av slaktar Holmedal saman med Sigvald Eik.



Margit og Bjørgulv 60 år etter det store brudlaupet i Uskedalen 1. august 1959.

På kjøkken var Marta Olsen frå Skansen, Alette Guddal frå Fet og Anna Sundal frå Mauranger. Bror til Bjørgulv, Sigvald, var kjømeister. Den kjende spelemannen og Sivlekjennaren, Per Berge frå Voss, var spelemann. Til dansen hadde han med ein Hansen frå Odda.

Seinare på dagen og kvelden vart det rydda til dans oppe i salen. All kaffi og nattmat var i kjellaren. Margit stod krunebrur. Jacobine Haugland ( Bino ) pynta brura. Ho var sjølv sagt invitert i brudlaupet og bilete syner at ho sat sentralt til bords saman med foreldra til brudgommen. Bjørgulv står fram i lånt bunad. Artig er det i vita at sokkane og skorne var lånt av Torstein N. Bjørke på Voss, far til Nils Bjørke, no stordtingsrepresentant og medlem i Presidentskapet.

Dei manlege gjestenen gjekk for det meste i dress. Kvinnene hadde bunad. Av desse finn vi fleire med skaut, mellom anna Bino og Agnes Eik.

Brudlaup var og er ei stor hending. Sist helg var det stort brudlaup på Dønhaug. Denne helga er det to brudlaup med brur eller budgomm frå Uskedalen, eit i Triohuset på Husnes og eit på Voss. Uskedalen.no ynskjer brurepara, vertsskapet og gjestene lukka til.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Brurebilete frå 1959 v/ Krokås/ Kristian Bringedal



Diamantbrudlaupet vart markert på Hardanger Fjord Logde i Sundal.